

-Vi er klare til billettsal

28.05.2009



Kjersti Nilsen og Spar Uskedalen er klar til å selja billettar for posten, men det er uvisst kva tid posten får snudd seg til å avgjera det. (Foto: Torfinn Myklebust)

-Vi er klare til også å selja billettar til arrangement rundt om i landet, seier Kjersti Børve i Spar Uskedalen til uskedalen.no. Men butikken har ikkje fått noko melding om når han eventuelt skal selja arrangementbillettar som Posten Norge reklamerer med kan kjøpast på posten.

Og uvisst vil det vera lang tid framover, sjølv om Elfrid Reppen i Kundeservice Midt-Norge Posten seier til uskedalen.no at dette vert arbeidd med. -Førebels er ingen ting bestemt når dette vil skje, men det vil koma etter kvart.

Ingen av Post i butikk-kontora i landet har denne servicen. Det er berre 'vanlege' postkontor som har det, slike som til dømes på Husnes.

-Men korleis vert det i Kvinnherad når de også skal gå over til Post i butikk på Husnes?

-På ei informasjonssending som vart sendt 20. mai vert det skrive at nye plassar som går over frå vanlege postkontor til Post i butikk, vil det verta billettsservice. Såleis vil nok Husnes få ha det også vidare. Og så kjem vel andre som i dag har Post i butikk, etter kvart, seier Reppen usikkert.

Bakgrunnen for heile denne vesle historien er at enkelte i Uskedalen og Kvinnherad elles av og til reiser til Bislett Games og veit at Posten reklamerer med billettsal for dette friidrettsarrangementet. Men dette gjeld altså ikkje for Post i butikk.

Når det så vert aktuelt, er Spar Uskedalen klar...

Torfinn Myklebust

